



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/15	Formannskapet	11.03.2015
018/15	Kommunestyret	19.03.2015

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
15/25 - 15/2343	K2 - S11, K3 - &13	Magnhild Aspevik 57641223	06.03.2015

Skjerdal kraftverk AS og Kvammadalselvi kraftverk - uttale frå Aurland kommune

Kort samandrag

Det ligg før søknad om konsesjon for bygging av Skjerdalskraft AS og Kvammadalselvi kraftverk i Aurland kommune. Rådmannen tilrår at Aurland kommune stiller seg positivt til prosjekta.

Rådmannen si tilråding:

Aurland kommune er positive til føreliggjande søknadar om konsesjon frå Skjerdalskraft AS og Kvammadalselvi kraftverk.

Aurland kommune tilrår at det vert sett fylgjande vilkår:

SkjerdalskraftAS:

- Avslå alternativ 2 – med to kraftverk
- Plassering av kraftstasjon på kote 10 – over fossen
- Fyllingar må tilpassast landskapet på ein skånsam måte, og komma landbruket til gode
- Nye vegar må tilpassast landskapet slik at det vert minst muleg synlege frå verdsarvfjorden
- Tilbakeføring av stadeigen vegetasjon i røyrgate
- Setta krav om minstevassføring til minst 5-persentil

Kvammadalselvi kraftverk

- Alternativ 2 for røyrgate
- Eventuelle avbøtande tiltak for alternativ 1: tilpassast i landskapet på ein skånsam måte med høgt fokus på rask tilbakeføring av stadeigen vegetasjon i røyrgate
- Nye vegar må tilpassast landskapet slik at det vert minst muleg synlege
- Setta krav om minstevassføring til minst 5-persentil

Tiltaket er vurdert etter *Naturmangfaldlova* §§ 8-12.

11.03.2015 Formannskapet

Tilleggsforslag:

Endringsframlegg frå Noralv Distad:

Kvammadalselvi kraftverk

1. strekpunkt: Hovudalternativ søraust for elva for røyrgate

Saka vart delt inn i to punkt:

1. Skjerdalskraft AS

2. Kvammadalselvi kraftverk

RØYSTING:

Generell innleiing: Samrøystes

1. Skjerdalselvi kraftverk Samrøystes

2. Kvammadalselvi kraftverk m/endringsframlegg: Samrøystes

FS-020/15 Vedtak:

Aurland kommune er positive til føreliggjande søknadar om konsesjon frå Skjerdalskraft AS og Kvammadalselvi kraftverk.

Aurland kommune tilrår at det vert sett fylgjande vilkår:

1. Skjerdalskraft AS:

- Avslå alternativ 2 – med to kraftverk
- Plassering av kraftstasjon på kote 10 – over fossen
- Fyllingar må tilpassast landskapet på ein skånsam måte, og komma landbruket til gode
- Nye vegar må tilpassast landskapet slik at det vert minst muleg synlege frå verdsarvfjorden
- Tilbakeføring av stadeigen vegetasjon i røyrgata
- Setta krav om minstevassføring til minst 5-persentil

2. Kvammadalselvi kraftverk

- Hovudalternativ søraust for elva for røyrgate
- Eventuelle avbøtande tiltak for alternativ 1: tilpassast i landskapet på ein skånsam måte med høgt fokus på rask tilbakeføring av stadeigen vegetasjon i røyrgata
- Nye vegar må tilpassast landskapet slik at det vert minst muleg synlege
- Setta krav om minstevassføring til minst 5-persentil

Tiltaket er vurdert etter *Naturmangfaldlova* §§ 8-12.

Samrøystes

19.03.2015 Kommunestyret

Det vart røysta særskilt over dei to søknadene.

Det vart røysta slik:

Generell merknad: Samrøystes

1. Skjerdalskraft AS: Samrøystes
2. Kvammadalselvi kraftverk: Samrøystes

KS-018/15 Vedtak:

Aurland kommune er positive til føreliggjande søknadar om konsesjon frå Skjerdalskraft AS og Kvammadalselvi kraftverk.

Aurland kommune tilrår at det vert sett fylgjande vilkår:

1. Skjerdalskraft AS:

- Avslå alternativ 2 – med to kraftverk
- Plassering av kraftstasjon på kote 10 – over fossen
- Fyllingar må tilpassast landskapet på ein skånsam måte, og komma landbruket til gode
- Nye vegar må tilpassast landskapet slik at det vert minst muleg synlege frå verdsarvfjorden
- Tilbakeføring av stadeigen vegetasjon i røyrgate
- Setta krav om minstevassføring til minst 5-persentil

2. Kvammadalselvi kraftverk

- Hovudalternativ søraust for elva for røyrgate
- Eventuelle avbøtande tiltak for alternativ 1: tilpassast i landskapet på ein skånsam måte med høgt fokus på rask tilbakeføring av stadeigen vegetasjon i røyrgate
- Nye vegar må tilpassast landskapet slik at det vert minst muleg synlege
- Setta krav om minstevassføring til minst 5-persentil

Vedlegg:

Søknader om løyve til bygging av sju småkraftverk - Skjerdal kraftverk AS og Kvammadalselvi kraftverk i Aurland kommune - høyring

Konsesjonssøknad for Skjerdal kraftverk

Konsesjonssøknad for Kvammadalselvi kraftverk

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Saksopplysningar

Det ligg før søknad om konsesjon for bygging av Skjerdalskraft AS og Kvammadalselvi kraftverk i Aurland kommune. Søknadane er sendt på høyring frå NVE. Desse to kraftverka er ein del av *Sognefjord pakken*. Som består av fleire mindre kraftverk (13stk) langs Sognefjorden. NVE skal handsame desse søknadane samstundes for å vurdera samla belastning for område.

Det er NVE som er konsesjonsstyresmakt for utbygging av små kraftverk. Slike saker vert sendt på høyring før avgjer vert teke. NVE ynskjer mest mogeleg konkrete synspunkt på om løyve bør gjevast eller ikkje. Dei ber om synspunkt på val av alternativ og framlegg til avbøtande tiltak. Dei ber kommunen spesielt om å vurdera søknadane opp mot gjeldande arealplanstatus.

Prosjekta i Aurland er grundig utgreidd i vedlegg. Her er kort omrale av prosjekta:

Skjerdalskraft AS

Skjerdalskraft AS vil nytte eit fall på 653 m i Storelvi mellom kote 655 og kote 2. Vassvegen på 2600 m vil i hovudsak vere nedgrave røyr. Det er behov for 400 m ny veg som tilkomst til kraftstasjonen. Vegene er planlagt frå fylkesvegen ned mot sjøkanten. I anleggsperioden er det planlagt å nyttar røyrkata som anleggsveg, og det er planlagt å ruste opp eksisterande traktorveg som går oppover dalen. Middelvassføringa i Storelvi er 580 l/s og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 1300 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 7,1 MW og vil etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 20,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 3 km lang strekning i Storelvi. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 90 l/s om sommaren og 30 l/s om vinteren. Det er i søknaden også gjort greie for eit alternativ 2 der fallet i Storelvi er delt opp i to kraftverk. Det planlagde kraftverket er eit elvekraftverk med ein inntaksdam på kote 650, lengda på vasspegelen vert om lag 50 meter og vassvolum vert 3000m³. Arealomfang: Det er fire grunneigarar som har interesse i tiltaket og permanent arealbehov er om lag 5 daa.

Kvammadalselvi kraftverk

Kvammadalselvi kraftverk planleg å nytte eit fall på 398 m frå inntaket på kote om lag 850 ned til kraftstasjonen på kote 460. Sidebekken Vetlebotna er planlagt overført til inntaksdammen i Kvammadalselvi med eit 25 m langt røyr. Vassvegen blir om lag 2200 m lang, og skal gravast ned på sør-austsida av elva. Det er og eit alternativ med vassveg nord-vest for elva. Frå fylkesvegen og fram til inntaket er det planlagt ein ca. 160 m lang veg. I tillegg skal det byggast ein 300 m lang ny veg som tilkomst til kraftstasjonen. Middelvassføringa i Kvammadalselvi er 700 l/s, og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 1550 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,2 MW og etter planane produsere 14 GWh i eit middels år. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein 2440 m lang strekning i Kvammadalselvi. Det er planlagt å sleppe minstevassføring på 233 l/s om sommaren og 31 l/s om vinteren. Det planlagde kraftverket er eit elvekraftverk med ein inntaksdam mellom kote 855 og kote 860. Dammen er planlagt til å få ei breidd på om lag 20 m og eit vassvolum vert 700m³. Arealomfang: Det er 19 grunneigarar som har interesse i tiltaket og permanent arealbehov er om lag 10 daa. Det vil ikkje gå med fulldyrka jord.

Linjenettet for å ta imot straum frå dei planlagde kraftverka er tilfredsstillande. Det kan bli kapasitetsproblem sommartid dersom både Skjerdalskraft AS og

Kvammadalselvi kraftverk vert bygd.

Økonomiske konsekvensar

Kraftproduksjon vil gje direkte inntekter til eigarar av fallrettane, til grunneigarane, kommune, fylkeskommune og staten. Det vil og bidra til lokal og regional verdiskaping med nye arbeidsplassar.

Vurdering

Planstatus for områda kraftverka er plassert i, er Landbruks-, natur- og friluftsområde. Prosjekta er soleis i strid med kommuneplan og krev dispensasjon for å få løyve til bygging.

Kultur

Kraftverkprosjekta vil komma i direkte kontakt med kjende kulturminne. Røyrgatetraseane kjem i nærleiken av kulturmiljø, gardstunet og jordbrukslandskapet i Skjerdal og stølsmiljø ved stølen Glomsete. Rådmannen meiner like vel det ikkje vert store negative konsekvensar for kulturminna, dersom det vert sett vilkår for omsøkte prosjekt.

Landskap

Det vil bli synlege inngrep i landskapet for begge kraftverksprosjekta. Alternativ 1 i prosjektet i Kvammadalen vert synleg frå Nasjonal turistveg, og prosjektet i Skjerdal vil bli synleg frå Verdsarvfjorden. Avbøtande tiltak vil vera viktig for å minska landskapsopplevinga. Rådmannen meiner det må settast vilkår for at landskapsinngrepa skal bli mest muleg skånsame ved ei eventuell gjennomføring av prosjekta. Det er viktig for Aurland som reiselivskommune å ta vare på det unike landskapet dei reisande kjem for å oppleve. Det er og viktig å ta vare på landskap, natur og miljø for friluftinteressene. Difor vert det tilrådd å ikkje godkjenne alternativ 2 for Skjerdalskraft og røyrgate alternativ 1 for Kvammadalselvi kraftverk. Det vert og tilrådd å bygge kraftstasjon på kote 10 for Skjerdalskraft. Då blir det ikkje inngrep i fossen ved fjorden.

Næring

Eit eventuelt kraftverk kan gje tilleggsinntekter til grunneigaren og landbrukseigedomane får verdiauke. Prosjektet i Skjerdal vil gje landbruksdrifta ein betre landbruksveg til areal oppover i dalen. Det vil og få noko verdiauke ved småfyllingar og vegtilkost til område ved kraftstasjonen. Desse tiltaka vil vere positive for landbruksdrifta i Skjerdal.

Vurdering etter Naturmangfaldlova §§8-12:

Kunnskapsgrunnlaget (§8) er godt utgreidd i dei to søknadane. Rådmannen meiner det ligg føre tilfredsstillande kunnskap til å ta stilling til søknadane. Tiltaket i Skjerdal vil innskrenke INON- område (Inngrepsfrie naturområde)

Kraftverksprosjekta kan få negative konsekvensar for artar som levere i vassmiljøet. Difor bør det settast krav til minstevassføring, som sikrar overleving av artar som er avhengig av dette naturmiljøet (§9). Rådmannen meiner minstevassføringa må vera på 5-persentil nivå, spesielt om sommaren.

Kostnadar med avbøtande tiltak som vert pålagt utbyggjar skal berast av utbyggjar (§11). Dette kan vera auka minstevassføring, fleire undersøkingar/analysar,

helikopterdrift i staden for vegtilkomst og liknande.

Det er positivt at dei planlagde prosjekta tek omsyn til god tilpassing i landskapet (§12). Det er planlagt korte avstansar med jordkabel for tilkopling til eksisterande linjenett. Dette er viktig både for naturmiljøet (spesielt for fugl) og for landskapet. Prosjekta legg også opp til å nytte eksisterande trase for vegtilkomst, og tilbakeføring av stadbotn vegetasjon. Rådmannen meiner samla belastning for økosystemet (§10) vert på eit akseptabelt nivå ved å sette vilkår for prosjekta.

Dersom det vert sett vilkår, meiner rådmannen fordelane og samfunnsinteressene er større en ulempene for natur og miljø med desse to kraftverksprosjekta. Det vert tilrådd at Aurland kommune er positive til kraftverksprosjekta.